

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2016/17:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	81,9
2016/17	77,51

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	7,95	7,95
	2016/17	1,51	2,3
Termin 2/standpunkt	2015/16	5,91	5,49
	2016/17	0,83	0,58
Eksamen	2015/16	5,1	
	2016/17	3,4	

1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1	51
Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt	13
<p><i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i></p> <p>Skulen ser heilt klart ein samanheng mellom ny fráværsgrense og elevane sitt læringsutbytte og fullføring. Talet på sluttarar har gått opp sidan i fjor, men totalt stryk og IV har gått ned på dei elevane som er att. Vi meiner at for elevar som tidlegare hadde lett for å «skulke» prøvar og timar no har kome på skulen og dermed fått fullført i fleire fag.. Når ein ser på læringsutbyttet så er det vel sjølvstøtt at det bør bli større til meir ein er på skulen, og det igjen vil gjenspegle seg i fullføringsprosenten.</p> <p><i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i></p> <p>Elevar som fekk 1 og IV vart endå tettare oppfølgt i 2 termin. På klasseteama var det spesielt fokus på desse elevane, og lærarane strekte seg langt både når det gjaldt å arrangere nye vurderingssituasjonar, tilrettelagt undervisning og tilrettelagde vurderingar. Elevane vart oppmuntra undervegs til å «kome» seg gjennom skuleåret. Nokre av desse elevane avbrote utdanninga i T2.</p>	

1.4 Gjennomsnittleg fråvær			
2015/16	timar		16,6
	dagar		11,07
2016/17	timar		8,58
	dagar		10,2

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10		
2015/16		5,9
2016/17		10,42

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»	
<p>Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?</p> <p>Vi har 1 med denne fråfallsgrunnen. Denne eleven gjekk påbygg, og ho hadde ikkje nokon anna grunn enn at ho ville slutte og prøve å få seg lærekontrakt.</p> <p>11 av elevane i sluttklassen har personleg årsak til grunn (sjukdom), og det er det som er gjennomgåande for mange av våre elevar. Dei slit mykje på heimebane og fritid og dette går ut over skulen, fråværet aukar og til slutt greier dei ikkje lenger gå på skulen.</p> <p>5 av elevane har starta på andre vidaregåande skular, 4 har fått arbeid/læreoppgitt, 1 har permisjon, 1 har flytta og 1 har slutta på grunn av stort fråvær.</p> <p>Ser ein dette under eitt er det dei med PS som er dei reelle sluttarane, alle dei andre har andre tilbod.</p>	

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18	
<p>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?</p> <p>Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?</p> <p>Me har eit tett samarbeid med ungdomsskulane på våren og fram mot hausten når det gjeld elevar som kan få og som me veit vil ha utfordringar når det gjeld overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule.</p> <p>Sosialrådgjevar, helsesyster og kontaktlærer får informasjon om desse elevane. På planleggingsdagane før skulestart vil resten av klasseteamet få informasjon.</p> <p>Skulen tilbyr og arrangerer møter med elev, føresette og dei ulike fagpersonane før skulestart, slik at dei vert litt kjende med systemet og dei personane som dei vil få mest kontakt med.</p>	

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Talet på sluttarar har auka i forhold til i fjor. Når vi går gjennom årsakene vil ein sjå at 42 % av sluttarane har sjukdom/personlege årsaker til sluttårsak, 20 % har bytt skule og 15 % har fått tilbod om læreplass/arbeid.

Utfordringa vår når det gjeld sluttarar er elevar som slit med sjukdom og andre personlege ting. Vi ser at det er ein stor andel av desse elevane på vår skule, og heldigvis greier dei fleste seg gjennom skuleåret takka vere god oppfølging frå dei ulike instansane ved skulen. Likevel er det nokre som har så store utfordringar at vi ikkje greier å hjelpe dei nok til å få dei gjennom skuleåret. Vi må sjå om der er fleire «steinar vi kan snu» når det gjeld oppfølging av denne type elevar. Då tenkjer ein endå tettare og tidlegare kontakt med heimen, vere meir på frå første fråværsdag, jamlege samtalar med eleven, tidleg tilvising til ressursteamet ved skulen, eventuelt kanskje lage eit spesialsydd opplegg rundt eleven slik at dei i alle fall greier å gjennomføre delar av skuleåret.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Ettersom dei fleste tala er svært positive, vil me halde fram med det arbeidet vi har gjort; tidleg kartlegging, tett samarbeid og god elevrelasjon.

Helsesøster, sosialrådgjevar, skulepsykolog, PPT og kontaktlærer vert sentrale personar i det førebyggjande arbeidet.

Mykje av det systembaserte arbeidet skjer i ressursteam der PPT /rådgjevar/avd.leiarar og rektor er til stades.

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Vurdering for læring

Kva var målet med tiltaket ?

Auka skulen sin kollektive vurderingspraksis.

Å få til ein vurderingskultur som er forankra i heile kollegiet der profesjonalitet, samanheng mellom teori og praksis og bruk av læringsteori med grunngeving pregar læringsmiljøet.

Felles rammer gjer det føreseieleg for elevane.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Skulen har inneverande år hatt profesjonsutvikling gjennom MOOC (skuletilpassa kompetanseheving) med avsluttande individuell prøve for personalet. Utprøvingar i klassane.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Resultat etter elev og- undervisningsundersøkingane dei siste åra(2013-14 og 2014-15)) viste at det var behov for å ha fokus på vurdering for læring.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Via nettet har ein følgd opplegget både individuelt og i grupper. Lærarar/lærarteam har prøvd ut ulike vurderingsformer. I fagteam og på fellesmøte har ein delt erfaringar og reflektert saman med kollegaer.. Gjennom samtalar og evalueringar har elevar fått gitt uttrykk for kva dei lærer mest av.

Det har vore aktivt arbeid i alle fag for å betra kompetansen i eigenvurdering.

Samarbeid og erfaringsdeling både i fagteam og på tvers av team og nivå.

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har vore «tett på» med oppsett plan for temaet på fellesmøte og avsett tid i arbeidsplanfesta tid. I tillegg til innleveringar direkte til MOOC har rektor/avd.leiarar fått tilbakemeldinga om div.utprøvingar undervegs.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Samanliknar me elevundersøkinga 2016-17 med året før, viser vurdering for læring positiv framgang. Vurdering har fokus og blir kontinuerleg drøfta både i fagteam og på klaseeam. Det tolkar me som at skulen er på rett veg og at systematisk arbeid over tid gir resultat og at dette utviklingsarbeidet har vore med og gitt ein meir kollektiv og heilskapeleg vurderingspraksis.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Det må arbeidast systematisk og målretta vidare. Viktig å ha fokus på vurdering for å få til ein godt forankra vurderingskultur der alle delmåla inngår. Felles rammer skal vera lagt.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Tiltaket har gått over tid slik at deltakarar skal ha hatt rimeleg god tid til praktisk utprøving av ulike vurderingsformer. Det har vore veksling mellom individuelt og- gruppearbeid i homogene/heterogene grupper. Vurdering for læring har vore tema på fellesmøte. Både avsett tid og det å dela erfaringar med kollegaer har vore viktig for gjennomføringa.

2.2 Utviklingstiltak – Den gode læringsøkta

Kva var målet med tiltaket?

Tydelegare klasseleiing:

- Trygt og godt læringsmiljø.
- Felles praktisering av «reglar» .
- Forutsigbart læringsmiljø.
- Tydelege forventningar til elevar og tilsette.
- Relasjonar.
- Fokus på orden og arbeidsro.
- Læring.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Elevar og tilsette har laga ei «oppskrift» på konkrete kjenneteikn på den gode læringsøkta med refleksjonar.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

- Kollektiv praksis på klasseleiing.
- Auka læringstrykk.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

- «Den gode læringsøkta» er «integrert» i skulen sitt pedagogiske årshjul.
- Kvar lærar har fokus på dei ulike delmåla i den gode læringsøkta.
- Diskusjonar mellom lærarane i klasseteam, med elevane i klassen.

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

- Tydelege forventningar til lærarane.
- Den gode læringsøkta er ein del av skulen sitt pedagogiske årshjul.
- Tema på medarbeidersamtalar.
- Utfordre lærarane på fellesmøter til å dele med god praksis.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

- Lærarane har meir fokus på den gode læringsøkta
 - arbeider meir medvite om dei ulike elementa i den gode økta
 - diskuterer meir med kollegaer metoder, tiltak... for eit godt klassemiljø
- Betre elevinvolvering.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Måla med dei ulike tiltaka er i stor grad nådd. Dette viser m.a. resultata av elevundersøkinga. På ein skilde område kan ein jobba meir, det er litt variasjon mellom dei ulike klassane.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Prosess og gjennomføring av tiltaket har vore god. Det har vore god elev- / lærarinvolvering. Leiinga har og vore sterkt deltakande.

2.3 Utviklingstiltak – Bruk av IKT i læringsarbeidet

Kva var målet med tiltaket?

Auka læringsutbytte og fullføring.

- Bruk av planleggjaren i Itslearning
- Fagdidaktisk bruk av IKT
- Gode digitale dugleikar hos elevane

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Internkurs av pedagogisk personale i bruk av planleggjaren, våren 2016, skulestart 2016, korte økter på fellesmøte gjennom heile skuleåret.

IKT har vore tema på fagmøte, der fokus har vore pedagogisk bruk, og nytteverdi for elevane si læring.

Har og vidareutvikla elevsuperbrukar IKT. Elevar frå alle klassar har blitt kursa i sentrale tema. Dermed har alle klassar ein-to superbrukarar som kan hjelpe om det skulle være behov i klassen.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Fokus i sentrale styringsdokument, samstundes som skulen ser at IKT er eit viktig område for å auke kompetansen og læringa hos eleven.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Forklart i punktet over.

2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Er sett fokus på dette gjennom tema på fellesmøte, planleggingsdagar, tema i fagmøte. IKT-møter der rektor, leiar med IKT-ansvar, e-koordinator og IKT-konsulent er med. Her koordinerast arbeidet med IKT.

2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

I drøftingar på avdelingsmøter så er det mange gode erfaringar med bruka av mellom anna planleggjaren. Ser og at ein i dei fleste fag no nyttar planleggjaren. Fokus i personalet er no korleis ein skal nyttiggjere seg denne på best mogleg måte. Tidlegare var fokuset på om me skulle nytte planleggjaren. Elevsuperbrukar IKT har skulen no hatt i 2 år, og tilbakemeldingane er gode frå personalet og elevane.

2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Ser ingen grunn til å endre fokusområde, er framleis viktige område som me kan vidareutvikla og betra. Pedagogisk bruk av IKT; her må me heile vegen ha dette som tema, samstundes som e-koordinator og IKT-konsulent har ei viktig rolle med å halda seg oppdatert på nye verktøy, og vurdere kva og korleis det skal takast i bruk.

2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa fungerer bra slik det er i dag. Er viktig å løfte fram IKT på agendaen, slik at ein heile tida arbeider med å betra kompetansen på dette området. Kombinasjon av felles info/ kursing, men og fagvise drøftingar er viktig. Nokre tema er allmenngyldige, andre er meir retta inn mot ulike fagområde. Leiinga sitt ansvar er å fokusere på IKT, og organisere kursing der det er naudsynt.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet**3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

- God informasjon til tilsette om HFK sine styringsdokument
- Arbeidd på avdelingsnivå og på fellesmøter
 - lagt opp til gode prosessar med eigenrefleksjonar hos lærarane – dele med på fellesmøter
- Sett nøye på ulike måleparameter

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

- Tydelege forventningar
- Individuell og kollektiv oppfølging
- Gode medskapingsprosessar

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Sjå 3.1 og 3.2

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

- Rektor informerer elevane regelmessig om skulen sitt pedagogiske utviklingsarbeid.
- Regelmessige møter med elevrådet der rektor og elevinspektør deltek.
- Oppmoda lærarane til å drøfta dei ulike tiltaka i utviklingsarbeidet i klassane.
- Tilbakemelding til elevane på «resultata» av tiltaka.

3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

- Halda fokus på / ha tid til alt læraren skal gjera.
- Sjå ting i samanheng.
- Varierende praksis hos lærarane

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Ved Fitjar vgs har ein fokus på pedagogisk utviklingsarbeid. Dette er sterkt prioritert av leiinga ved skulen, og dei tilsette er motivert for dette arbeidet. Skulen arbeider godt med utviklingsarbeid og skulen legg til rette for at lærarane kan utvikla seg fagleg (kurs, etter/vidareutdanning...).

Skulen er blitt ein innovativ skule der ein er positiv til å sjå på etablert praksis i forhold til nye pedagogiske metodar = ein lærande organisasjon.

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.